



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Trond Håkon Stadheim, 5557 2189

Vår dato  
24.01.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/11262 422.1  
Dykkar referanse  
16/729

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Tilbakemelding angående krav om innsyn og vedtak knytt til lemping av vilkår - Radøy - Gnr 45 bnr 10 - Oppkjøp av eiendom - Konesesjon

#### Kva saka gjeld:

Fylkesmannen sendte 02.09.2016 eit brev knytt til innsynskravet frå Geir Smith, som var fremja for Radøy kommune. Det blei her presisert at ein i utgangspunktet har krav på innsyn, jf. offentleglova § 3, men at eventuelt avslag skal vere skriftleg.

Fylkesmannen har i ettertid av dette brevet fått tilbakemelding frå Geir Smith, datert 06.09.2016 om at han hadde motteke eit brev frå Radøy kommune som er datert 02.09.2016. Det går fram her at Radøy kommune har fatta eit endringsvedtak, kor det er lempa på vilkåra i denne aktuelle saka. Sjølve vedtaket knytt til denne saka var ikkje lagt ved dette brevet.

Fylkesmannen visar til brev datert 20.09.2016 sendt frå Fylkesmannen til Radøy kommune. I brevet blei det bedt om at Fylkesmannen blei oppdatert om saksgang knytt til innsynskrav frå Geir Smith. Det blei her vist til at brevet ikkje var tilfredsstillande ut i frå offentleglova, og at Radøy kommune måtte handsame innsynskravet. Det vert også vist til grunnleggjingsplikta etter forvaltningslova § 24 og § 25, som gjeld enkeltvedtak.

Fylkesmannen fekk tilsendt ein ny e-post Geir Smith, kor det går fram av at det ikkje ligg føre dokument i saka som tilseier omgjerung, og at han difor klaga på vedtaket. Dette blei sendt til Fylkesmannen til orientering.

Fylkesmannen fekk tilsendt nytt brev frå Geir Smith 15.01.2017, der det går fram at det ikkje ligg føre skriftleg klage på det opphavelge konesesjonsvedtaket, samstundes som klagen frå Geir Smith på endringsvedtaket ikkje har blitt handsama. Då det ikkje har skjedd noko i saka, ber han Fylkesmannen gripe inn.

#### Fylkesmannen si fråsegn:

Ut i frå dei dokumenta som Fylkesmannen har mottatt, kan ein ikkje sjå at det faktisk ligg føre eit endringsvedtak som er i samsvar med forvaltningslova. Det er dermed tvil om det faktisk er fatta eit vedtak i saka som er gyldig, jf. forvaltningslova § 41.

Dersom reglane knytt til § 24 og § 25 i forvaltningslova ikkje blir følgt når det gjeld krav til innhald av enkeltvedtak, vil dette som hovudregel innebere at vedtaket er ugyldig.

Rettsverknaden vil då vere at endringsvedtaket ikkje vil vere bindande, mens det opphævelege vedtaket vert ståande. Kommunen må i tilfelle det ikkje føreligg gyldig vedtak, handsame eventuell klage på vedtaket eller søknad om lemping av vilkår, på nytt.

Fylkesmannen ber difor om snarleg tilbakemelding frå kommunen om det faktisk ligg føre eit skriftleg enkeltvedtak i saka knytt til lemping av vilkår, og at dette eventuelt blir oversendt.

Dersom det faktisk ligg før eit skriftleg vedtak, må kommunen handsame innsynskravet og klagen,. Fylkesmannen vil gjere merksam på at ein ikkje har tatt eller kan ta stilling til sjølv resultatet på noverande tidspunkt, før eventuell klagesak blir oversendt til Fylkesmannen for avgjer.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Trond Håkon Stadheim  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Geir Smith